

Hemsedal Kyrkjelege Fellesråd
Hemsedalsvegen 2889
3560 HEMSEDAL



**DEN NORSKE KYRKJA
HEMSEDAL**

Kirkerådet
Rådhusgata 1-3
Pb. 799 Sentrum,
0106 Oslo

Hemsedal 26.05.17

E-post: post.kirkeradet@kirken.no.

Hemsedal Sokneråd handsama sak om svar på høyring om:

Forslag til nye regler for valg av sokneråd, bispedømmeråd og Kirkemøtet.

Hemsedal Sokneråd utrykte stor frustrasjon over språk og vanskelege setningar tilsynelatande utan meining. Rådet vedtok difor å sende dette svaret til Kirkerådet som respons på høyringa.

Utdrag frå møtebok i Hemsedal Sokneråd 11 mai 2017.

Sak SR 60/17 (45/17) Høyringar våren 2017 og attendemelding til Kirkerådet

HØYRING: Forslag til nye regler for valg av sokneråd, bispedømmeråd og Kirkemøtet.

Frist: 14. Juni 2017.

Forskriftstekstane er særskild kompliserte og vanskeleg skrivi.

Vedtak: Kyrkjevevja lagar tilsvar til høyringa om Den Norske kirkes medlemsregister. På grunn av komplisert og utilgjengeleg språk vil ikkje SR i Hemsedal kome med høyringssvar til høyringa: *Nye regler for valg av sokneråd, bispedømmeråd og Kirkemøtet.* SR gjev attendemelding til Kirkerådet at språket i høyringa er tungt og vanskeleg å forstå. Høyringar må leggas opp meir pedagogisk og visualisert. SR meiner at høyringsutkastet har eit demokratisk underskot, og ikkje engasjerer SR til å uttala seg om høyringane. SR meiner at det er særskild viktig at Kirkerådet gjennomfører eit «Klar tale» prosjekt for å sikre at slike høyringar blir lett tilgjengeleg for høyringsorgana i framtida.

Vonar at Kirkerådet ser positivt på dette innspelet, og at soknerådet i framtida opplever at høyringar og andre tekstar frå Kirkerådet har klar tale, og er lett å lesa og forstå.

For Hemsedal Sokneråd
Leiar
Sissel Rudningen